



Statsforvaltaren i Vestland

## Opplæring innanfor kriminalomsorga 2020

Tilstandsrapport del 1

Statsforvaltaren i Vestland 2021

Kopiering er ikkje tillate utan etter avtale med den som har opphavsretten

Formgjeving omslag: Herrene Grimstad & Skogen AS, herrene.com

Layout: Allkopi Netprint AS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

**TILSTANDSRAPPORT  
FOR OPPLÆRING I  
KRIMINALOMSORGA  
2020**



# Innhald

|  |           |
|--|-----------|
| Innleiing .....  | 7         |
| <b>Del 1: Organisering av opplæring innanfor kriminalomsorga .....</b>   | <b>9</b>  |
| Elevtal, elevmasse, utdanningsval .....  | 9         |
| Smitteverntiltak mot Covid 19 og konsekvensar for opplæringa .....   | 11        |
| Opplæring ved TAFU, ungdomseiningar og ND sentre .....   | 13        |
| Narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) .....   | 13        |
| Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU).....  | 13        |
| Ungdomseiningane .....   | 14        |
| Internasjonalt arbeid i opplæring i kriminalomsorga.....   | 15        |
| <b>Del 2: Naudsynt infrastruktur for å gi god opplæring i fengsel .....</b>  | <b>17</b> |
| Kriminalomsorga skal stille med lokale .....   | 17        |
| Opplæring i fengsel og lokalar.....  | 17        |
| Mange rapporterer om at lokala ikkje er tilfredsstillande,<br>men det er grunn til optimisme.....  | 17        |
| Det blir arbeidd med ein betre definisjon av «eigna lokalar» i rundskrivet.....  | 17        |
| Desktop For School og nye læreplanar .....   | 18        |
| Arbeid med IKT-verktøy og infrastruktur for opplæring i kriminalomsorga .....  | 18        |
| Status for Desktop For School .....  | 18        |
| Nye digitale løysingar i kriminalomsorga og vidareutviklinga av DFS –<br>eit skoleprosjekt med kopling til kriminalomsorga sitt digitaliseringsprosjekt..... | 18        |
| Eksamen og fagfornyinga .....  | 19        |
| Å sikre naudsynt IKT-infrastruktur er avgjerande for at importmodellen skal bestå .....  | 19        |
| <b>Del 3: Karriererettleiing.....</b>  | <b>21</b> |
| Kva er karriererettleiing? .....   | 21        |
| Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing .....  | 21        |
| Karriererettleiing som verkemiddel.....  | 21        |
| Karriererettleiing som verkemiddel for deltaking i opplæring .....   | 21        |
| Karriererettleiing i kriminalomsorga.....  | 22        |
| Fagkoordinator for rådgjevarane.....   | 22        |
| Nordisk arbeidsgruppe for karriererettleiing .....   | 22        |
| Refleksjon knytt til tilrådingar .....   | 23        |
| Opplæring innan kriminalomsorga i tida som kjem .....  | 24        |
| Litteratur .....   | 25        |
| Nettsider .....  | 25        |

## Oversyn over tabellar

### Tabellar:

|          |   |    |
|----------|---|----|
| Tabell 1 | Talet på elevar/deltakarar i oppfølgingsklassar og fengsel gjeve i total tal og gjennomsnitt .....                                | 9  |
| Tabell 2 | Talet på elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklasser gjeve i totale tal og gjennomsnitt, fordelt etter type opplæring ..... | 10 |
| Tabell 3 | Opplæringstiltak nytta ved ND-sentrene i Oslo og Bergen i 2020 .....  | 13 |
| Tabell 4 | ND-domfelte i opplæringstiltak i landet for øvrig, registrert ved friomsorgskontora i 2020 .....                                  | 13 |
| Tabell 5 | Talet på ungdommar i opplæringsaktivitet .....  | 14 |

### Figur:

|        |   |    |
|--------|---|----|
| Figur1 | Tal på eksamenar o.l. for vidaregåande skole i alle fengsel 2011 - 2020 ..... | 12 |
|--------|---|----|

## INNLEIING

I denne rapporten vil Statsforvaltaren i Vestland (SFVL) peike på nokre trekk ved utviklinga innan opplæring i kriminalomsorga i 2020, og vi vil løfte nokre tema som krev merksemd i tida framover.

Frå 1. januar 2021 endra Fylkesmannen namn til Statsforvaltaren. I denne rapporten vil vi difor bruke Fylkesmannen i Vestland til å omtale aktivitetar vi gjennomførte i 2020, medan vi nyttar Statsforvaltaren når vi skriv om arbeidet no og framover.

Rapporten er delt inn i tre hovuddelar. I den første delen vil vi legge fram tal frå opplæringsaktiviteten ved norske fengsel i 2020, samt presentere det som har gått føre seg av norsk deltaking i internasjonale nettverk for fagleg utvikling i sektoren. I del to skriv vi om utfordringar knytt til den sentrale infrastrukturen som er naudsynt for å gi opplæring i fengsel: Tilfredsstillande undervisningslokale og tilgang til internett og naudsynt pedagogisk programvare.

I del tre går vi i djupna på temaet karriererettleiing. Om lag 40 prosent av alle innsette tar del i opplæringa i fengsel, men veit at mange som etter opplæringslova har rett på opplæring ikkje gjer seg nytte av denne retten. Vi meiner difor at det er viktig med større merksemd på korleis ein også kan nå denne gruppa.

For ei utdjupande oversikt over status innan opplæring kriminalomsorga viser vi til tal og visualisering på [www.oppikrim.no](http://www.oppikrim.no)



## Del 1: Organisering av opplæring innanfor kriminalomsorga

I følgje internasjonale konvensjonar skal ingen nektast utdanning. Retten til opplæring og utdanning er den same for innsette i fengsel som for andre borgarar i Noreg. Det er fylkeskommunane som gir opplæring i fengsel, der lokale vidaregåande skoler har det praktiske ansvaret, jf. opplæringslova § 13-2 a.

Fylkeskommunane får øyremerkte tilskott frå Utdanningsdirektoratet til dette etter tal på soningsplassar i fylket, og opplæringa skal bli gitt i samsvar med retningslinjene til tilskottet.

Fylkeskommunar med oppfølgingsklasser, ungdomseining, «Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning» og ND senter (Oslo og Vestland) får egne tilskott til desse.

Utifrå folkerettslege konvensjonar og rekommandasjonar har også innsette utan rett på opplæring, slik den er definert i opplæringslova, rett på opplæring.

Utdanningsdirektoratet har delegert eit fagleg koordinerande ansvar for opplæringa innan kriminalomsorga i Noreg til Statsforvaltaren i Vestland.

Kriminalomsorga sine krav til sikkerheit og kontroll legg visse ramar for gjennomføring av opplæringa, men målet for tilskotsordninga er likevel at opplæringa i fengsel skal ha same kvalitet som opplæring utanfor murane og elles være i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningsliner. Målgruppa er innsette og lauslatne med behov for, og ønskje om, opplæring, og elevar og deltakarar med rett etter opplæringslova skal prioriterast.

### Elevtal, elevmasse, utdanningsval

Det er opplæringstilbod for innsette i alle fengsla i Noreg. I tillegg finst det oppfølgingsklassar og TAFU) for å lette overgangen etter lauslating ti stadar i landet. I teksten vidare vil vi først presentere tal for den store gruppa som er i «ordinær» opplæringsaktivitet i fengsel, før vi presenterer noko meir detaljerte tal for dei som deltek på TAFU, gjennomfører ND eller er innsett i ungdomseiningane.

Tabell 1 visar talet på elevar/deltakarar i oppfølgingsklassar og fengsel i totale og gjennomsnitt tal. Om vi reknar på elev og deltakartala i tabell 1 opp mot det faktiske talet på innsette (gjennomsnittleg prosent for belegg i 2020), ser vi at om lag 40 % av dei innsette tok del i ei eller anna form for opplæring i 2020. Dette er nokre færre enn i 2019, då det var i overkant av 45 % av dei innsette som deltok i opplæringa.

**Tabell 1: Talet på elevar/deltakarar i oppfølgingsklassar og fengsel gjeve i total tal og gjennomsnitt**

|                           | 2019        |          |             |          | 2020        |          |             |          |
|---------------------------|-------------|----------|-------------|----------|-------------|----------|-------------|----------|
|                           | Heiltid     |          | Deltid      |          | Heiltid     |          | Deltid      |          |
|                           | Reg. elevar | Gj.snitt |
| <b>Oppfølgingsklasser</b> | 83,5        | 28,1     | 416,0       | 120,6    | 89          | 31       | 446         | 139      |
| <b>Fengsel</b>            | 1141,0      | 228,9    | 7784,0      | 1175,8   | 392         | 170      | 6624        | 1197     |

Reg. elevar: Kor mange som har fått opplæring i løpet av kalenderåret.

Gj.snitt: Gjennomsnittleg tal på elevar/deltakarar baserte på fire rapporteringstidspunkt i løpet av året.

Når ein skal sjå nærare på tala for heil- og deltidsdeltaking, er det nyttig å vite kva omfang opplæringa har i desse kategoriane. Med unntak av vidaregåande, tyder deltid under 15 timer opplæring i veka, mens heiltid vil innebere opplæring 15 timar i veka eller meir. Vidaregåande opplæring heiltid er her definert i samsvar med Utdanningsdirektoratet sine definisjonar av heiltid i forskrift. Tabell 1 visar nedgang både for registrerte elevar gjennom året og gjennomsnittleg elevtal. Unntaket er det gjennomsnittlege talet på elevar/deltakar på deltid, det synar å vere stabilt.

Tabell 2 syner elevar og deltakarar fordelt etter type opplæring. I hovudsak er all opplæring etter læreplanplanverket i vidaregåande skule, og i stor grad yrkesfag. For mange av dei innsette er det av fleire ulike grunnar ikkje aktuelt å gjennomføre ordinær vidaregåande opplæring. Mykje av opplæringsaktiviteten i fengsel er difor det som er kategorisert som «Korte opplæringstilbod». Dette er kurs og undervisningsopplegg som er utarbeidd med bakgrunn i kompetansemåla frå dei ordinære læreplanane, men som gjerne er praktisk retta og mogleg å gjennomføre på kortare tid.

I samarbeid med kriminalomsorga bruker skuleverket ressursar på ulike opplæringstilbod for å stimulere innsette til å kome i gang med grunn- og/eller vidaregåande opplæring, kategorisert som «anna opplæring» i tabell 2. Skulane samarbeider med kriminalomsorga for å legge til rette for dei innsette som ønsker å ta fatt på høgare utdanning, men dette er ikkje ein del av rapporteringa som ligg til grunn for denne rapporten.

**Tabell 2: Talet på elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklasser gjeve i totale tal og gjennomsnitt, fordelt etter type opplæring**

|                               | 2019          |              |               |               | 2020        |              |             |             |
|-------------------------------|---------------|--------------|---------------|---------------|-------------|--------------|-------------|-------------|
|                               | Heiltid       |              | Deltid        |               | Heiltid     |              | Deltid      |             |
|                               | Reg. elevar   | Gj.snitt     | Reg. elevar   | Gj.snitt      | Reg. elevar | Gj.snitt     | Reg. elevar | Gj.snitt    |
| <b>Grunnskule</b>             | 13,0          | 2,6          | 137,0         | 44,8          | 9           | 2            | 189         | 81          |
| <b>Vidaregåande skule</b>     | 485,0         | 178,8        | 3274,0        | 677,8         | 312         | 157          | 2742        | 716         |
| <b>Korte opplæringstilbod</b> | 463,5         | 58,3         | 2864,0        | 277,4         | 152         | 27           | 2791        | 310         |
| <b>Anna opplæring</b>         | 263,0         | 9,4          | 1925,0        | 293,0         | 8           | 4            | 1348        | 222         |
| <b>Fagskule</b>               | 30*           | 8,1          | *             | 3,5           | 21*         | 4            | *           | *           |
| <b>Sum</b>                    | <b>1224,5</b> | <b>257,0</b> | <b>8200,0</b> | <b>1296,4</b> | <b>481</b>  | <b>201,0</b> | <b>7070</b> | <b>1336</b> |

Reg. elevar: Kor mange som har fått opplæring i løpet av kalenderåret.

Gj.snitt: Gjennomsnittleg tal på elevar/deltakarar baserte på fire rapporteringstidspunkt i løpet av året.

Korte opplæringstilbod er tilpassa opplæringstilbod heimla i fagplanverket for den vidaregåande skulen.

\*Total tal for Fagskule er ikkje differensiert etter heiltid/deltid. Tala er ikkje med i utrekninga av total tal på elevar

Tabell 2 visar nedgang i dei fleste kategoriane det er rapportert på. Dette kan tyde at deltakarane i opplæring vel deltid oftare enn før framfor heiltid eller at skolane i større grad enn før ikkje tilbyd anna enn deltid. Ei mogleg forklaring på dette er at for gruppa som vurderer opplæring i fengsel, kan både korte dommar og dårlege erfaringar frå skule tidlegare i livet bidra til at det er vanskeleg å motivere seg for å starte på eit fullt løp med vidaregåande opplæring. Dette kan også forklare at ein såpass stor del av dei innsette vel korte kurs framfor eit fullt opplæringsløp.

For både SFVL og fylkeskommunane er det eit mål at flest mogleg innsette skal kunne fullføre vidaregåande opplæring. Vi ser difor positivt på forsøket med modulstrukturerte læreplanar som Kompetanse Noreg for tida gjennomfører. Dette skal vere ein fleksibel veg frem til fag- eller sveinebrev for vaksne. Fire av fylkeskommunane har også fengselsskular med på dette forsøket, som går ut på at læreplanar for nokre utvalde yrkesfag blir delt inn i seks modular. Tanken er at ein kan fullføre ein eller

fleire modular på ein stad, og så gå vidare på neste modul når det blir aktuelt. For elevgruppa i fengsel vil ein til dømes kunne gjennomføre nokre modular i fengsel, og deretter gå vidare på ein ordinær vidaregåande skule på utsida av murane.

Det er også ei auke på talet for registrerte gjennom året som tar opplæring på grunnskolenivå. Tal frå forskning gjort ved UiB har over tid synt at talet på innsette som rapporterer at dei ikkje har avslutta grunnskole har vore om lag 10 prosent. Det er gledeleg om auken vi ser blant registrerte elevar på grunnskole visar at dei skuleansvarlege klarar å motivere denne gruppa til å delta i større grad enn tidlegare i opplæringstilboda. Nedgangen i dei andre kategoriane kan ein anta må kunne forklarast i ulike smitteverntiltak.

## Smitteverntiltak mot Covid 19 og konsekvensar for opplæringa

Smitteverntiltaka mot Covid 19 fekk store konsekvensar for innsette som ynskte å delta i opplæring. Når undervisningspersonale ikkje kan gjennomføre undervisning i klasseromma i fengsla, eksisterer det ikkje fullgode digitale erstatningar. Alle smitteverntiltaka gjennom året har samla sett ført til reduksjon av opplæringstilbod, reduksjon av gjennomførte eksamenar, reduserte fulltids opplæringsløp osv. I denne situasjonen er det rapportert frå fleire skolar at mange innsette også ser ut til å ha mista motivasjon for å delta i opplæringa.

Smitteverntiltaka innført 12. mars 2020 råka altså opplæring innanfor kriminalomsorga sterkt. Utfordringane var store: skolane var stengt for fysisk undervisning og det fantes ikkje digitale alternativ. Det var 31 (av 53) skoleavdelingar som rapporterte at dei hadde vore stengd i 2020 (22 avdelingar har ikkje rapportert eller rapportert at det ikkje har vore stengd). Til saman har skoleavdelingane vore stengd i 518 heile dagar og 7 halve dagar. Dei fleste melder om at stenginga har sin årsak i smitteverntiltak. Skoleansvarlege har i tillegg rapportert om ulike typar innskrenkingar på kor mange og kven av skolen sine tilsette som har kunne gjennomføre undervisninga.

Statsforvaltaren i Vestland tok tidleg initiativ til dialog med Kriminalomsorgsdirektoratet for å sjå kva alternativ dei skoleansvarlege kunne ta i bruk for å oppretthalde opplæringa. Det var naudsynt å få alternativ til fysisk opplæring raskt tilgjengeleg for skolane. Dialogen fokuserte på kva som var mogleg å få tilbudd skolane så rakst som mogleg. Dialogen kan oppsummerast ved at partane blei einige om å arbeide med tre moglege løysingar:

- ekstern tilgang (frå utanfor fengsel) til DFS (den digitale skoleløysinga). Dette gjev skolane moglegheit for digital kommunikasjon med deltakarane i opplæringa.
- få på plass sambruk av «besøksipader» (kriminalomsorga var før 12. mars i gang med pilottesting av slike løysingar). At skolane fekk tilgang til desse ville gje lærarane samtidskommunikasjon med deltakarene i opplæring (bilde og lyd).
- unge elevar ved ungdomseiningane blei prioritert i ei utprøving av såkalla «skolepad», dedikerte «lpader» med ei tilpassa versjon av «Teams for Education»


Arbeidet med ekstern tilgang til DFS tok tid, og det var først mot slutten av vår og tidleg haust 2020 at det var mogleg å ta løysinga i bruk. Tilbakemeldingane vi har fått frå skolane har vore blanda. Løysinga har berre ein verdi om deltakarane i opplæring får fysisk tilgang til skoleavdelingane, noko det er rapportert om at dei ikkje alltid fekk. Dette er igjen avhengig av at kriminalomsorga har ressursar og kapasitet til å følgje innsette til skoleavdelingane og halde tilsyn med dei.

Felles bruk av «besøkspader» var av mange vurdert som ei god løysing. Igjen var skolane avhengige av kapasiteten til kriminalomsorga og behova hos andre samarbeidspartar for å få nytte desse «lpadene» til opplæring. Mange opplevde at det var vanskeleg å få tilgang til dei. Samstundes rapporterer mange svært aktiv og kreativ bruk av «lpadene»: mellom anna til musikk og språkopplæring, munnleg eksamen og generell opplæring og rettleiing.

I periodar med smitteverntiltak som hindrar lærarane tilgang til skoleavdelingane i fengsel har dei vore svært kreative for å finne løysingar. Fleire har tatt i bruk ulike versjonar av brevkursformatet og bruk av telefon for rettleiing og tilbakemelding. Både tilsette i skolen og kriminalomsorga har tatt på seg ekstra koordinerande oppgåver for å få opplæringa til å bli så god som mogleg under ekstraordinære forhold.

Figur 1 visar tal på gjennomførte eksamenar og liknande i perioden 2011 – 2020. Det har vore en forholdsvis brå nedgang i avlagde eksamen, talet på elevar med eksamen og talet på standpunkt-karakterar.

**Figur 1 Tal på eksamenar o.l. for vidaregåande skole i alle fengsel 2011 - 2020**



Det er naturleg å sjå desse endringane som ei følgje av smitteverntiltaka, som til dømes at elevk-samen vart avlyst våren 2020. Restriksjonane har samla sett ført til reduksjon av opplæringstilbod, reduksjon av gjennomførte eksamenar, reduserte fulltids opplæringsløp osv. Mange skoleleiarar fortel om innsette som har gitt opp, dei har rett og slett mista motivasjon for læring. Dette er likevel berre ei vidareføring og kanskje forsterking av ein trend som har gått over fleire år, og som vi meiner det er viktig å forsøkje å snu.

Statsforvaltaren meiner det er viktig å få betre kunnskap om årsakene til at færre vel å ta utdanning i fengsel. Det er mogleg at ei forklaring kan vere endringar i fangebefolkninga og at dei som no sonar dommen i fengsel er ei anna gruppe enn tidlegare. Vi veit at det er fleire som no soner med elektronisk kontroll enn tidlegare, og det kan vere at denne gruppa er meir motivert for utdanning enn dei som soner i fengsel. Dette er noko vi håper å få meir kunnskap om frå ei kartlegging av fangebefolkninga som har blitt gjennomført hausten 2020 og våren 2021 av forskargruppe for kognisjon og læring ved Universitet i Bergen.

## Opplæring ved TAFU, ungdomseiningar og ND sentre

Fylkeskommunar med særskilt tildelte oppgåver til opplæring innan kriminalomsorga for tilboda om ungdomseining, TAFU, ND og oppfølgingsklassar får eit særskilt tilskot til dette. Statsforvaltaren i Vestland får aktivitetsrapportar frå alle fylkeskommunane på alle typane av tilskott.<sup>1</sup>

### Narkotikaprogram med domstolskontroll (ND)

ND er straffegjennomføring i fridom, og eit alternativ til soning i fengsel. ND-programmet er individuelt tilrettelagt, og skal vere rehabiliterande og kriminalitetsførebyggjande. Innhaldet er knytt til rusbehandling, helse, arbeid, utdanning med meir. Det er ND-senteret i Oslo som har ansvar for gjennomføringa av alle ND-dommar i Oslo og tidlegare Akershus, medan ND-senteret i Bergen har ansvar for tidlegare Hordaland. I resten av landet er det friomsorgskontora som har ansvar for gjennomføringa. Oslo kommune og Vestland fylkeskommune har tilsett ein pedagog på kvart sitt kontor.

Tabell 3 og 4 visar opplæringstiltak nytta ved ND-sentrene i Oslo og Bergen og landet for øvrig. Om lag 15 prosent av alle under ND-programmet får opplæring. For sentra i Bergen og Oslo er det tilsvarande talet ein stad mellom 20 og 30 prosent.

**Tabell 3: Opplæringstiltak nytta ved ND-sentrene i Oslo og Bergen i 2020.**

|                                  |    |
|----------------------------------|----|
| Grunnskole                       | 0  |
| Videregående skole               | 12 |
| Lærekontrakt                     | 1  |
| Høyere utdanning                 | 7  |
| Arbeidskvalifiserende kurs       | 4  |
| Realkompetansevurderinger        | 1  |
| Kurs i regi av Voksenopplæringen | 1  |
| Privatisteksamener               | 9  |

**Tabell 4: ND-domfelte i opplæringstiltak i landet for øvrig, registrert ved friomsorgskontora i 2020**

|  |    |
|--|----|
| Opplæringstiltakene fordeler seg hovudsakelig på videregående opplæring, voksenopplæring, høgskole/universitet og kurs i regi av NAV | 36 |
|--|----|

### Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU)

I TAFU Rogaland arbeidar ein med å føre tilbake tidlegare straffedømde menn i alderen 18 – 40 år til samfunnet. TAFU er ein samvirkemodell som gjer tilbod om hjelp til tidlegare straffedømde, der representantar for NAV, kriminalomsorga, kommunen og fylkeskommunen jobbar saman og samtidig i felles lokale. Målet er å hindre tilbakefall til kriminalitet gjennom at deltakarane skal finne arbeid eller praksisplass, begynne på eller fullføre utdanning – med mål om varig arbeid på sikt. Rogaland fylkeskommune har tilsett ein pedagog i TAFU.

<sup>1</sup> Medan rapporteringa frå skuleavdelingane og oppfølgingsklassane er ein del av den ordinære resultatoppfølginga til Statsforvaltaren i Vestland, rapporterer TAFU, ND og ungdomseiningane i eit eige system, spesielt utforma for det einskilde tiltaket, målgruppa og verkeområdet

Tala i tabell 4 viser opplæringstiltak i 2020, samt løpende opplæringstiltak som tok til før 2020, til dømes pågåande lærekontraktar eller pågåande løp gjennom vaksenopplæringa. Om lag 27 prosent av deltakarar i TAFU deltek i ei eller anna form for opplæring.

Blant deltakarar som er i opplæringstiltak, er andelen som får opplæring i bedrift relativt stor. TAFU-Rogaland har sju tilsette som alle skal være lett tilgjengelege for bedriftene når det gjeld oppfølging og samarbeid rundt den enkelte deltakar. I TAFU Rogaland blir tett samarbeid mellom involverte partar trekt fram som særleg viktig for å finne ut av kva veg ein deltakar skal nytte for å kunne oppnå fagbrev. Dette gjeld mellom anna spørsmål knytt til fag, moglegheiter for bedrifta, og økonomisk handlingsrom, både for deltakarane og for NAV.

### Ungdomseiningane

Ungdomsenhet Vest (Bjørgvin fengsel) og Ungdomsenhet Øst (Romerike fengsel) er einingar for innsette i alderen 15-18 år. Ungdomseiningane er eit samarbeid mellom ulike etatar som kriminalomsorga, barnevern, psykisk helsevern, utdanning/opplæring og kommunal tjenesteyting og har landsdekkende funksjonar. Indre Østfold fengsel, Eidsberg avdeling, har som ei midlertidig løysing oppretta tre tilpassa plassar for ungdom under 18 år. Tabell 5 visar talet på ungdommar i opplæringsaktivitet.

Nær alle innsette ved ungdomseiningane tek del i opplæring. Rapportunderlaga til tabell 5 visar at det har blitt gitt opplæring innan ein rekke ulike yrkesfag. Det blir gitt opplæring både innan yrkesfaglege og studiespesialiserande utdanningsprogram, men det er ikkje verkstad tilgjengeleg på einingane.

Ungdomseiningane rapporterer omfattande når det gjeld opplæringsaktivitet og vurdering av kvalitet på system som skal ivareta opplæringa. Ungdomseininga er organisert under kriminalomsorga, men medlemmane av det tverrfaglege teamet skal arbeide i tråd med regelverket som ligg til den etaten dei representerer, til dømes opplæringslova med forskrifter. Ei slik organisering viser si styrke når samarbeidet bidrartileifleirfaglegtilnærmingtilungdommanesbehovogrettar.Menen slik organisering kan også vere utfordrande, til dømes når andre parter i samarbeidet låser tida til den innsette til anna enn opplæring.

**Tabell 5: Talet på ungdommar i opplæringsaktivitet**

|  |    |
|--|----|
| Innsette som har deltatt i grunnskoleopplæring, herunder elever som var over grunnskulealder | 7  |
| Innsette som har deltatt i vidaregåande opplæring  | 28 |

## Internasjonalt arbeid i opplæring i kriminalomsorga

Grunna Covid 19 var det krevjande å «arbeide for faglig og pedagogisk samarbeid i internasjonale nettverk» i 2020, slik det står i oppdraget til Statsforvaltaren. Noko arbeid har likevel blitt gjennomført, om enn i litt andre former enn tidlegare. Vi har over år hatt akkreditering i Erasmus+, noko som gjer at vi kan hjelpesektoren i å planleggje og gjennomføre utvekslingsaktivitetar. Programperioden for dette gikk ut i 2020, men vi fekk innvilga ein søknad om at Statsforvaltaren er akkreditert for sju nye år.

Som i tidlegare år, har FMVL deltatt i to nettverk i NVL: Nordiskt nätverk för utbildning i fängelse og Kompetenceudvikling af ansatte i voksenuddannelse. Arbeidet har gått føre seg via digitale plattformer. Oppstarten av to nye arbeidsgrupper organisert av Nordiskt nätverk för utbildning i fängelse har blitt utsett til hausten 2021. I desse arbeidsgruppene skal ein arbeide med samarbeid mellom skole og arbeidsdrift og unge innsette.



## Del 2: Naudsynt infrastruktur for å gi god opplæring i fengsel

### Kriminalomsorga skal stille med lokale

Det er kriminalomsorga som er ansvarlege for å skaffe tilfredsstillande lokale. Dette går fram av opplæringslova og er omtala i Rundskriv G-1/2008<sup>2</sup> om Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorga. Mangel på gode nok lokale til opplæringsverksemda er mange stader utslagsgjevande for at ikkje alle innsette som ynskjer opplæring, får det.

### Opplæring i fengsel og lokalar

Opplæringskapasitet ved ein anstalt er det talet på elevar/deltakarar skulen i fengselet har moglegheit til å gje opplæring. Undersøkingar gjennomført av Universitetet i Bergen (Manger m.fl.) syner at det er fleire innsette som har rett til ønskjer opplæring, enn talet på innsette som tek del i opplæringa. Både tilgang til og kvaliteten på opplæringslokale og undervisningsrom, påverkar kva opplæringstilbod skuleavdelingane kan gje.

Kriminalomsorga kan i visse høve også stille andre krav til skuleavdelingane for at opplæring skal kunne gjennomførast. Dette kan til dømes vere krav om at enkelte innsette ikkje kan vere saman i ein undervisningssituasjon og krav om at nokre innsette må få eineundervisning av sikkerheitsmessige grunnar. Fengselsleiar kan og, etter ei vurdering, avgjere at innsette som skal gå på skule ikkje får tilgang til Desktop for School (DFS).

Opplæringskapasitet bør vere eit dynamisk omgrep. Dersom vi ser på fengsla under eitt, og ikkje berre på dei lokala som er særskilt tildelt skuleavdelingane, finns det mange stader som kunne vore brukt til opplæring. Det kan til dømes vere kjøkenet og dei ulike verkstadane til arbeidsdrifta. Fleire verkstader er godkjente lærebedrifter, og god utnytting av desse er særskilt viktig for god yrkesfagleg opplæring innanfor murane.

### Mange rapporterer om at lokala ikkje er tilfredsstillande, men det er grunn til optimisme

Skuleavdelingane rapporterer kvart år om skulelokala er tilfredsstillande eller ikkje. I rapporteringa skil ein mellom lokale brukt til fellesfag og lokale brukt til yrkesfag. Vi ser (tilstandsrapport 2020 del 3, vedlegg 21) at om lag 50% av skuleavdelingane opplever at lokala ikkje er tilfredsstillande (dårlege eller mindre gode). Trenden over tid er likevel at det er stadig fleire skoleansvarlege som rapporterer om tilfredsstillande eller gode lokale til opplæring. Langt dei fleste melder og om at det er planlagd utbetringar av lokalane. Samla sett peiker dette mot ei betring i framtida.

### Det blir arbeid med ein betre definisjon av «eigna lokalar» i rundskrivet

I arbeidet med revidering av dei nye retningslinene for forvaltningssamarbeid (G-1/2008) melde fylkeskommunane inn eit behov for avklaringar når det gjeld lokalar til opplæring. Opplæringslova stadfester at kriminalomsorga skal stille lokalar til rådvelde for skolane, men fylkeskommunane etterlyser klarare definisjonar av kva eigna lokalar til opplæring inneber. Gjentakande tema til drøfting mellom partane er mellom anna storleiken på lokala, standarden og kva som er fast inventar i eit lokale meint for opplæring.

Statsforvaltaren har ein von om at dei reviderte retningslinene som er venta å vere ferdige i 2021 kan bidra til større lokale avklaringar med tanke på lokalar til opplæring.

<sup>2</sup> Rundskrivet er under revisjon, og ny versjon av det vil truleg bli ferdigstilt hausten 2021.

### **Arbeid med IKT-verktøy og infrastruktur for opplæring i kriminalomsorga**

Å arbeide for at fengselsskolane har tilgang på naudsynt pedagogisk programvare og ein stabil IKT-infrastruktur har vore viktige oppgåver for Fylkesmannen i Vestland i 2020. Sentralt i dette arbeidet har vore oppgradering av DFS, som er IKT-løysinga i for opplæring i fengsel.

Nasjonalt forum for IKT i utdanninga (NFFIKT) er Fylkesmannens viktigaste arena for arbeidet med digital plattform for opplæring i kriminalomsorga. Her møter representantar for kriminalomsorga, Statsforvaltaren i Vestland, samt Vestland fylkeskommune. Sistnemnde har gjennom ein felles, fylkeskommunal avtale tatt på seg ansvaret på vegner av alle fylkeskommunane å leie arbeidet med oppgradering av DFS frå skolesida. Det er difor Vestland fylkeskommune som gir forventningane frå skoleeigarane inn i dette arbeidet.

Det har blitt gjennomført to møter i NFFIKT i 2020. arbeidet med DFS har vore den viktigaste saka på begge møta. I tillegg til møta i NFFIKT, har Fylkesmannen også hatt jamleg dialog med både Vestland fylkeskommune og kriminalomsorga kring arbeidet som blir gjort av desse to hovudaktørane.

### **Status for Desktop For School**

Det vart slått fast i statsbudsjettet for 2019-2020 at DFS ikkje fungerer på eit akseptabelt nivå samanlikna med systema som blir nytta utanfor fengsla. Dette har vore kjent i sektoren i fleire år. I tilstandsrapporten til Fylkesmannen i Hordaland for 2013, sto det at «slik organiseringa og ressursituasjonen i dag er i sektoren, vil ikkje DFS kunne løyse skuleverket sine behov. Erfaringane og sluttevalueringa frå pilotfasen med DFS viser at endringane frå tidlegare ikt-løysning til DFS krev ressursar for å sikre at tilbodet i DFS vert forvalta i tråd med skuleeigarane sine interesser».

Regjeringa løyvde 7,8 millionar kroner for skoleåret 2019-2020 til oppgradering av systemet. Desse midlane vart gitt for å etablere ein ny tenestenivåavtale og tenestekatalog, skaffe ein digital læringsplattform, investere i sentral infrastruktur og legge til rette for fylkeskommunane. Om lag same beløp blir sett av dei påfølgjande åra.

Eit av hovudarbeida på dette feltet i 2020 har vore å få på plass ein tenesteavtale «service-level agreement» (SLA) mellom kriminalomsorga og fylkeskommunane. Formålet med ein slik avtale er å få avklart standard, ansvar og plikter i utvikling og drift av DFS. Det er kriminalomsorga som utviklar og drifter systemet, medan fylkeskommunane får levert tenester av kriminalomsorga.

### **Nye digitale løysingar i kriminalomsorga og vidareutviklinga av DFS – eit skoleprosjekt med kopling til kriminalomsorga sitt digitaliseringsprosjekt**

Arbeidet med å få på plass avtale om SLA har tatt tid. Ein av grunnane til det, er at dette arbeidet går føre seg parallelt og i samband med eit større digitaliseringsarbeid i kriminalomsorga knytt til den digitale infrastrukturen som har blitt implementert i det nye fengselet i Agder.

Arendal Fengsel er ein IKT-pilot innan kriminalomsorga, og IKT-infrastrukturen som blir prøvd ut der skal på sikt bli innført i alle fengsel i landet. Utviklinga av ny infrastruktur i fengsla har løfta ambisjonsnivået for kva eit nytt system skal ta hand om. I styringsdokumentet for piloten går det fram at den nye plattformen skal dekke skolens behov for digitale verktøy, legge til rette for samhandling mellom skole og arbeidsdrift og gi støtte til innsette som tar høgare utdanning.

For statsforvaltaren er det avgjerande at den løysinga som blir valt i Agder blir tilgjengeleg for alle fengselsskolane. Eit viktig startpunkt er å få på plass ei digital læringsplattform for dei som tar opplæring i fengsel. Ein læringsplattform vil svare ut mange av dei utfordringane som tidlegare er knytt til DFS.

## **Eksamen og fagfornyninga**

Skoleåret 19/20 var siste året der alle elevar skulle ta eksamen etter læreplanane i Kunnskapsløftet 06. Frå og med 2021 vert eksamen i Kunnskapsløftet 2020 gradvis innført. Grunna pandemien vart eksamen for alle elevar avlyst i 2020. Likevel avla 378 innsette totalt 717 privatisteksamenar i norske fengsel. I oppfølgingsklassane var dei same tala 190 og 345.

Innføringa av nye læreplanar fører også til at det blir endringar i eksamen. Desse endringane vil truleg krevje større tilpassingar for skolane i fengsel enn for skolane på utsida av murane. Eksamen-soppgåvene vil bli meir variert enn dei har vore tidlegare for å sikre at kandidatane får vist kompetanse etter det nye kompetanseomgrepet i så stor del av faget som mogeleg. Parallelt med dette blir sentralgitt eksamen heildigitalisert.

Eksempeloppgåvene som vart publisert i 2020 på Utdanningsdirektoratet sine nettsider viser at kandidatane skal kunne lytte til lydfiler under eksamen. Det blir også vist til at det kan bli aktuelt også med video som ein del av eksamensoppgåve. Dette gir nokre krav til gjennomføringa av eksamen ved skolane:

- Oppgåver med lyd krev høyretelefonar.
- Oppgåver med video kan krevje auka systemkapasitet.

Begge desse punkta er ein utfordring i dagens DFS. I tillegg må kandidatane (framleis) ha tilgang til både dei nettbaserte hjelpemidla som skuleeigar har godkjent for alle skolane sine, i tillegg til dei hjelpemidla skolane sjølv bruker.

Fram til no har sentralgitt eksamen i opplæring innanfor kriminalomsorga vore gjennomført ved at eksamensadministrator ved skulen/fylket distribuerer oppgåvesett til kandidatane, og leverer inn oppgåvesvara på vegner av kandidatane i Utdanningsdirektoratet sitt eksamenssystem. Denne praksisen vil ikkje lenger vere mogleg med nytt gjennomføringssystem. I det nye systemet må kandidatane sjølv logge på, finne oppgåvene og levere inn oppgåva i systemet. Vestland fylkeskommune og kriminalomsorga arbeider med å finne ei løysing for å sørge for at dette blir mogleg i framtida.

### **Å sikre naudsynt IKT-infrastruktur er avgjerande for at importmodellen skal bestå**

Innføringa av nye læreplanar stiller nye krav til den digitale infrastrukturen som blir brukt i undervisninga i norsk skole. Omgrep, konsept og bruk av element frå programmering og algoritmisk tenking inngår i fag som matematikk, naturfag, kunst og handverk og musikk. Dersom opplæringa i fengsel skal halde tritt med utviklingstempoet i skulen på utsida av murane, er skolane avhengige av å ha tilgjengeleg digitale verktøy for å kunne møte ambisjonane dei nye kompetansemåla har for relevant opplæring i alle fag.

At skolane i fengsel skal kunne tilby opplæring etter dei same læreplanane som skolane på utsida, treng ikkje å bety at undervisningsopplegget eller tilgangen på pedagogisk programvare treng å vere lik. Vilkår for å drive opplæring er ulike, og det er ikkje rimeleg å forvente at fengselsskolane skal kunne halde det same tempoet i den teknologiske utviklinga som går føre seg i samfunnet. Det er langt fleire omsyn som må ivaretakast innanfor murane i eit fengsel enn det som er tilfelle for eit ordinært klasserom. Sikkerheit og kontroll på kommunikasjon er kanskje det aller viktigaste, og det som i størst grad gjer at pedagogiske nyvinningar ikkje ukritisk kan flyttast frå moderskolen til fengselsavdelinga.

Om skolane ikkje har tilfredstillande digitale verktøy tilgjengeleg, kan ein ende opp i ein situasjon der det ikkje lenger er mogleg for dei innsette å få opplæring i kompetansemåla i læreplanane på lik linje med elevane på utsida. Dette vil vere eit brot med opplæringslova § 13-2 a, og vil i ytste konsekvens kunne setje importmodellen for velferdstenester i norske fengsel under press.

At innsette i norske fengsel skal kunne ha fullferdig elevstatus og få opplæring i dei same læreplanane som elevane utanfor utan unntak er sjølve hovudtanken bak importmodellen. Om ikkje elevar i fengsel ikkje kan ta eksamen etter fullført opplæring, får dei ikkje oppfylt den retten dei har til opplæring.

## Del 3: Karriererettleiing

### Karriererettleiing i kriminalomsorga

Innsette i norske fengsel har i utgangspunktet rett til tenester og tilbod frå dei same offentlege instansane som befolkninga elles. Når det gjeld tilbod om karriererettleiing, tilbyr ikkje kriminalomsorga dette, men straffegjennomføringslova seier at det skal leggest til rette for at samarbeidandeetatar skal kunne tilby tenestene sine i fengsel. I praksis er det rådgjevar ved fengselsundervisninga, NAV-rettleiarar og dei fylkeskommunale karrieresentra som bidrar med karriererettleiing i kriminalomsorga.

I ei undersøking retta mot karriererettleiarnettverket i fengselsundervisninga for nokre år tilbake, viste funn mellom anna at to av tre karriererettleiarar har formell utdanning innan karriererettleiing, at dei har stort oppgåvespenn, samt at dei uttrykkjer behov for kompetanseheving. Undersøkinga som vart utført av Kompetanse Noreg (Karriereveiledning i kriminalomsorgen - 2017) viser også at innsette har ulik tilgang til karriererettleiing.

### Kva er karriererettleiing?

Det finns ulike definisjonar av karriererettleiing nasjonalt og internasjonalt. Ettersom dei eksisterande definisjonane ikkje vart vurdert til å vere godt nok eigna, utarbeidde Kompetanse Noreg i 2020 i rapporten «*Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriereveiledning*» (Kompetanse Noreg, 2020) ein ny definisjon:

*Målet med karriereveiledning er at mennesker blir bedre i stand til å håndtere overganger, og til å ta meningsfulle valg knyttet til utdanning, læring og arbeid gjennom livet. Karriereveiledning gir mulighet for utforskning av den enkeltes situasjon, ønsker og muligheter, og støtte til handling, valg og samfunnsdeltakelse. Karriereveiledning kan foregå individuelt og i gruppe, både fysisk og digitalt, og innenfor rammene av ulike sektorer og organisasjoner. Karriereveiledning tilbys av kompetente aktører og utføres med høy grad av etisk bevissthet.*

Kompetanse Noreg definerer målsettinga med karriererettleiing som at dei som treng det skal få informasjon og kunnskap, støtte til å ta val, og kompetanse til å handtere overgangar. Dette medfører at ein tileignar seg karrierekompetanse som betyr at menneske blir satt i stand til å handtere eiga karriere, også i forandring og under overgangar. Dette er kompetanse som gjer at ein kan kjenne og forstå konteksten sin, handle og ta val, og handtere dilemma og spenning knytt til liv, læring og arbeid.

### Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing

Kompetanse Noreg har eit tverrsektorielt ansvar for karriererettleiing i Norge, og har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet utvikla eit kvalitetsrammeverk som skal bidra til at alle har tilgang på karriererettleiingstenester, uavhengig av kor og korleis slike tenester blir tilbydt. Det nasjonale kvalitetsrammeverket, som er fagleg forankra på tvers av sektorane, skal bidra til at alle som tilbyr offentlege karriererettleiingstenester skal kunne halde høg kvalitet på slike tenester. Rammeverket har difor både karriererettleiarar, lærarar, leiarar og eigarar av karriererettleiingstenester som adressat. Rammeverket vil kome brukaren til gode indirekte ved at hen blir tilbydt ein teneste som er profesjonell, kvalitetssikra og har eit innhald i tråd med eige behov.

### Karriererettleiing som verkemiddel

I Noreg er det eit politisk mål å auke tilgangen på offentlege karriererettleiingstenester for unge og vaksne i alle livsfasar. Kompetanse Noreg peiker på karriererettleiing som eit viktig verkemiddel for å bidra til å utvikle samfunnet som heilskap. God karriererettleiing kan bidra til redusert utdanningsfråfall og samsvar mellom tilbod og etterspørsel av kompetanse i arbeidsmarknaden.

Det å stå utanfor arbeidsliv og utdanning har store kostnader for den enkelte og for samfunnet. Mykje tydar på at karriererettleiing kan bidra til auka integrering, redusere utanforskap og auke deltaking i livslang læring. Kompetanse Noreg har eit nasjonalt systemansvar for karriererettleiing, der målet er betre tilgang, betre kvalitet og profesjonalitet i karriererettleiingstenestane i alle sektorar.

### **Karriererettleiing som verkemiddel for deltaking i opplæring**

I rapporten «Norske innsette: Utdanningsmotivasjon og hinder for utdanning i fengsel» (Rapport nr 1/16 - Forskningsgruppe for kognisjon og læring) fann forskarane at svarlaternativet «eg får ikkje nok informasjon om utdanning/opplæring» var ein av seks som best forklarar kvifor innsette ikkje tek utdanning.

Mange innsette som ikkje tek utdanning, svarar at dei ikkje får informasjon om utdanningsval. Dette kan sjåast på som et institusjonelt hinder<sup>3</sup> som reduserer moglegheita for vaksne som har vistkriminell åtfærd til å komme i gang med utdanning. Tilgang til karriererettleiing kan vere ein inngangtil deltaking i utdanning og arbeid. Eit heilskapleg og kvalitativt godt tilbod om karriererettleiing vil difor vere viktigfor den innsette for å kvalifisere seg til livet etter soning.

I rapporten *Karriereveiledning i kriminalomsorgen* (Kompetanse Norge – 2017), vert det peika på at karriererettleiing kan bidra til å førebyggje og hindre tilbakefall til ny kriminalitet, og vere eit verkemiddel i tilbakeføringsarbeidet. Innsette i norske fengsel har eit lågt utdanningsnivå og ei relativt svak kopling til arbeidslivet. Ei viktig årsak til at personar ender opp utanfor arbeidsmarknaden er mangel på kompetanse. Det går tydelege sosiale og økonomiske skilleliner mellom personar som har gode grunnleggjande ferdigheiter og fullført vidaregåande opplæring, og dei som ikkje har dette. Å stå utanfor arbeidsliv og utdanning har store kostnader for den enkelte og for samfunnet.

### **Fagkoordinator for rådgjevarane**

Statsforvaltaren i Vestland har etablert ordninga med nasjonalt fagnettverk for lærarar og rådgjevarar for å ta vare på det særeigne med opplæring innanfor rammene av kriminalomsorga. Når det gjeld karriererettleiing, fell dette innanfor ansvarsområdet til fagkoordinatoren for rådgjevarar ved skulane. Fagkoordinatorane skal legge til rette for kunnskap- og erfaringsutveksling, blant anna ved å koordinere og leggje til rette for faglege diskusjonar og meningsutveksling i faggruppa. Når det gjeld faggruppe for rådgjevarar, har temaet karriererettleiing til stadigheit vore eit tema på agendaen – blant anna på «Oppikrimdagene» og gjennom fagkoordinator si deltaking i internasjonalt samarbeid.

### **Nordisk arbeidsgruppe for karriererettleiing**

Fylkesmannen i Vestland var også i 2020 deltakar i NVL-nettverket *Nordiskt nätverk för utbildning i fängelse*, det er eit nettverk som har eksistert sidan 2005.

Nettverket har sidan 2018 initiert og koordinert mindre nordiske tematisk avgrensa arbeidsgrupper, og i 2020 avslutta nordisk arbeidsgruppe for karriererettleiing arbeidet sitt. Denne arbeidsgruppa har sett nærare på korleis karriererettleiing går føre seg i dei nordiske landa for å kunne lære av kvarandre. Dei har også produsert plakatar som er tilgjengelege på [www.nvl.org](http://www.nvl.org)

---

<sup>3</sup> Døme på institusjonelle hinder kan vere at utdanningsprogramma ikkje passar dei som vurderer å ta utdanning, at lærarar manglar kompetansen, at det manglar datautstyr, eller at det er mangelfull tilgang på informasjon om utdanningsvegar. Undervisningsmetodar og undervisningsutstyr som ikkje appellerer til elevane eller studentane kan òg vera slike institusjonelle hinder.

Ein av desse plakatane er retta mot potensielle brukarar av tenesta, medan den andre plakaten skildrar kva karriererettleiing i kriminalomsorga bør innehalde. Det var med to deltakarar frå Noreg i gruppa, begge representantar for Viken fylkeskommune. Desse har i ettertid starta eit arbeid for å utvikle eit program for karriererettleiing som fyller krava frå plakatane som arbeidsgruppa har produsert. Dette arbeidet vil bli satt i samanheng med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing som blir omtalt under.

### **Refleksjon knytt til tilrådingar**

I rapporten *Norske innsette: Utdanning, arbeid, ønske og planar* (Rapport nr 2/16 – Forskningsgruppe for kognisjon og læring) fann forskarane at 49,4 prosent innsette og 26,9 prosent av innbyggjarane i Noreg har grunnskole som høgaste fullførde utdanningsnivå.

I tillegg fann forskarane at 28,5 prosent av norske innsette med rett til vidaregåande opplæring ikkje brukte retten, eller ikkje hadde søkt om slik rett. Dette betyr at det for nokre år sidan var nærare 750 norske innsette med unytta rett til vidaregåande opplæring. Medrekna dei innsette som vil få rett etter fullført grunnskule, vil talet på innsette med unytta rett til vidaregåande opplæring auke.

Tilgang til karriererettleiing vil vere særleg viktig for denne gruppa når kartleggingar visar at ein større del av dei innsette har lågare utdanningsnivå og mindre arbeidserfaring enn befolkninga elles. Mange vil ha behov for rettleiing både undervegs og etter avslutta soning. Kartleggingar visar at ein del av dei innsette som har rett til opplæring, ikkje gjer seg nytte av opplæringstilbodet. Det er difor grunn til å spørje om skoleavdelingane i fengsla, eller andre aktørar, når ut til alle innsette med rettleiing og utdanning og yrkesval.

I rapporten *Karriereveiledning i kriminalomsorgen* fra 2017, tilrår Kompetanse Noreg at karriererettleiingstilbodet bør styrkast ved at grupper utanfor skoleavdelingane i større grad kan få eit tilbod, til dømes ved at offentlege karrieresenter kan bidra med å auke tilgangen til slike tenester. I tillegg blir det tilrådd eigne studiar knytt til karriererettleiingsfeltet, samt ei auke i tilbod om kompetanseheving, at det blir frigjort meir tid til rettleiing og at ein utforskar kva moglegheiter tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid kan ha.

Statsforvaltaren i Vestland ser behovet for desse tilrådingane, og oppfordrar fylkeskommunane til å vurdere om tiltak som kan gi auka tilbod om karriererettleiing kan la seg gjennomføre. Dette fordi karriererettleiing generelt er hensiktsmessig for målgruppa, særleg dei med ein unytta rett til opplæring. Statsforvaltaren vurderer at karriererettleiingstenestene bør følgje nasjonale kompetansestandardar. Ikkje som eit krav, men som eit verktøy for å lukkast best mogleg.

I lys av nasjonalt kvalitetsrammeverk, tilrår vi at alle sektorar med ansvar for karriererettleiingstenester vurderer behovet for å stille tydelege krav til kva kompetanse dei som arbeider med karriererettleiing skal ha, samt vurdere tilgjengelegheit og innhald i tenesta. Dette som eit ledd i ei vidare profesjonalisering av rettleiingsfeltet. Standardane bør vere knytt til arbeidsområda, oppgåvene og rollene i den enkelte organisasjon og tenesta som tilbyr karriererettleiing.

Leiarar kan bruke kompetansestandardane til å få oversikt over det samla nivået på kompetansen i verksemda, og karriererettleiarane kan bruke kompetansestandardane til å få oversikt over eiga kompetanse. Det nasjonale kvalitetsrammeverket skal bidra til at alle som tilbyr offentlege karriererettleiingstenester skal kunne halde høg kvalitet på slike tenester, noko som er heilt sentralt for å sikre god nytte og effekt av tilbodet.

## Opplæring innan kriminalomsorga i tida som kjem

Grunna Covid 19 var 2020 eit utfordrande år for opplæring i kriminalomsorga, på lik linje med resten av samfunnet. Vi meiner likevel at sektoren har klart å gjennomføre oppdraget sitt godt under vanskelege forhold. Samarbeidet med andre etatar, og særleg kriminalomsorgen, har fungert bra, og vi meiner at dette er det viktig å ta med seg vidare i åra som kjem.

Fleire av dei tilpassingane som er gjort, og då særleg innanfor arbeidet med digitalisering av opplæringsaktiviteten, ser vi at det vil vere nyttig å arbeide vidare med, for å prøve å få til permanente løysingar som gir innsette moglegheit til å få opplæring som er relevant for framtida.

Det overordna målet er framleis at opplæringstilbodet innanfor murane skal kunne målast og sidestillast med opplæringstilbod utanfor murane.

## Litteraturreferanse:

Eikeland, Ole Johan, Manger, Terje og Asbjørnsen, Arve (2016): Norske innsette: Utdanning, arbeid, ønske og planar. Rapport 2/2016

Manger, Terje, Eikeland, Ole Johan, og Asbjørnsen, Arve (2016): Norske innsette: Utdanningsmotivasjon og hinder for utdanning i fengsel. Rapport 1/2016

Kompetanse Norge (2017), Karriereveiledning i kriminalomsorgen – Resultater fra en undersøkelse til rådgiverne i fengselsundervisningen. Rapport.

Kompetanse Norge (2020), Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriereveiledning – Presentasjon av områdene kompetansestandarder, karrierekompetanse og etikk. Rapport.

Norge i omstilling – karriereveiledning for individ og samfunn. NOU, 2016:7

Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriereveiledning – hva er det og hvordan kan det brukes? Tonje Gravås og Gry Bakke, avdeling for karriereveiledning – Kompetanse Norge. Innlegg, Oppikrimdagene 2021.

## Nettsider

[www.karriereveiledning.no](http://www.karriereveiledning.no)

<https://www.kompetansenorge.no/karriereveiledning/>

<https://utdanning.no/karriereplanleggeren/#/>

<https://utdanning.no/jobbkompasset/>

<https://nvl.org/content/nasjonalt-kvalitetsrammeverk-skal-sikre-god-karriereveiledning>

Tilstandsrapport del 3/Visualiseringsdatabasen: \_

<https://www.oppikrim.no/tal-og-forsking/tilstandsrapportar/>







Statens hus  
Utdannings- og verjemålsavdelinga

Besøksadresse  
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse  
Postboks 7310, 5020 Bergen

Telefon: 57 64 30 00

Epost  
[fmulpost@statsforvalteren.no](mailto:fmulpost@statsforvalteren.no)

Internett  
[www.statsforvalteren.no/vestland](http://www.statsforvalteren.no/vestland)

[www.oppikrim.no](http://www.oppikrim.no)